



Postboks 21, 4120 Tau

NVE  
Postboks 5091, Majorstua  
0301 OSLO

Tau, 27.03.2025

## Høringsuttale til NVE saksnummer 202421905

### Oppsummering

Styret i Stiftelsen Tou Brug har i møte 27. mars 2025 vedtatt høringsuttale til Småkraft AS sin søknad om konsesjon for Tou Mølle kraftverk. Som grunneigar og forvaltar av Mølleparken på Tau er Stiftelsen Tou Brug også medlem i Tauvassdraget elveeigarlag DA.

**Styret i Stiftelsen Tou Brug støtter Tau elveeigarlag DA sin intensjon og mål om å reetablere Tauvassdraget for anadrome arter, jf. Uttale frå medlemsmøte i Tauvassdraget elveeigarlag 04.03.2025, og ser ut ifrå dette alternativ 1 som foreslått i konsesjonssøknad som uakseptabelt. Alternativ 1 vanskeleggjer også drift av Kvernhusa, og vil føre til aukande gjengroing langs vassdraget i parken.**

**For både alternativ 1 og alternativ 2 er Stiftelsen Tou Brug opptatt av konsekvensene for Mølleparken og kvernhusa, som følge av endring i vassføring og plassering og utforming av laksetrapp. For alternativ 2 (oppgradering av eksisterande kraftverk og inntak) vil Stiftelsen Tou Brug i tillegg kreve at det i eventuell konsesjon blir stilt vilkår om betre sikring av inntaket ved Møllefossen.**

**Stiftelsen Tou Brug vil be om å bli invitert til planlagt høringsbefaring 16. september 2025. Vi ønsker å delta på høringsbefaring for å få orientere om aktivitetene i Mølleparken og kvernhusa ved Møllefossen, og for å få legge fram våre synspunkt på Småkraft AS sin konsesjonssøknad midt i det historiske miljøet som blir direkte berørt av tiltaket.**

## Innhold

Høyringsuttale til NVE saksnummer 202421905.....	1
Mølleparken og Stiftelsen Tou Brug.....	2
Konsesjonssøknad – alternativ 1.....	3
Endring i vassføring.....	3
Plassering og utforming av laksetrapp.....	3
Konsesjonssøknad – alternativ 2.....	4
Endring i vassføring.....	4
Plassering og utforming av laksetrapp.....	4
Sikring av inntak.....	5

### Mølleparken og Stiftelsen Tou Brug

Stiftelsen Tou Brug ble stifta i år 2001 etter at Strand kommune hadde kjøpt Mølleparken på Tau frå Orkla.

Formålet med Stiftelsen er oppsummert i §4 i vedtektene:

*§4 Stiftelsens formål er å:*

1. Restaurere og bevare Strand kommunes eiendom, Mølleparken gnr 17 bnr 5 med tilhørende villa, lysthus, brugsløpe, veksthus samt kvernhus på gnr 17 bnr 1.
2. Disponere og gjøre aktiv bruk av eiendom og bygninger som industrimuseum og allsidig kultursenter for Strand kommune og Rogaland fylke ved å:
  - i. Dokumentere industrikulturens bygninger, anlegg, utstyr, redskaper og næringsaktiviteter knyttet til lokalsamfunnet
  - ii. Fremme forståelse for bevaring og allmenn bruk av historiske bygninger, parkanlegg, utstyr og redskaper
  - iii. Holde håndverkstradisjoner knyttet til lokal industrikultur levende og høye faglig innsikt og standard ved innsamling, registrering, igangsetting og vedlikehold av utstyr, bygninger og anlegg.
  - iv. Drive generelt opplysningsarbeid om industrikulturen knyttet til Tou Brug.
  - v. Utøve allsidig kulturelle aktiviteter som musikk, teater, gallerivirksomhet, utstillinger, foredrag, kurs, seminarvirksomhet samt reiseliv- og kafedrift og generell inntektsgivende utleievirksomhet.

Saman med ei sær s aktiv venneforening – Mølleparkens venner – har Stiftelsen Tou Brug gjennom 25 år utvikla Mølleparken frå ein lukka privat park til eit viktig samlingspunkt og grøntområde for innbyggerane på Tau og for tilreisande.

Med den sentrale plasseringa mellom dei to utløpa frå Krossvatnet, så er sjølsagt «normal» vassføring og god tilstand i Tauvassdraget av stor verdi for Mølleparken. Stiftelsen har i tillegg ansvar

for restaurering og bevaring av kvernhusa på gnr 17 bnr 1 ved Møllefossen, og vil difor ha synspunkt på konsekvenser av endring i vassføring og tekniske installasjonar (laksetrapp) i og ved Møllefossen.

## Konsesjonssøknad – alternativ 1

### Endring i vassføring


Med nytt inntak på kote 33 ved utløpet av Bjørheimsvatnet og minstevassføring på 410 l/s nedstrøms inntaket, så vil alternativ 1 ha svært negative konsekvenser for Krossvatnet og for Møllefossen.

Vi viser her til uttalen frå Tauvassdraget elveiegarlag DA, som gir ei grundig og god oppsummering av dei negative konsekvensene for vassdraget, Krossvatnet og Møllefossen som følge av endra minstevassføring nedstrøms Bjørheimsvatnet. Her vil vi nevne to hovudpunkt som er spesielt viktige for Mølleparken og kvernhusa:

- Auka gjengroing i Krossvatnet, med negative konsekvenser for fugle- og dyreliv, vasskvalitet, landskap og grøntområde/park langs Krossvatnet.
- Redusert vassføring i Møllefossen som skissert i konsesjonssøknaden vil være svært negativt for kulturmiljøet og historien knytta til kvernhusa. Det vil bli vanskelig å ha drift i kvernhusa og holde i hevd industrikulturen og handverket knytta til kverning av mjøl, dersom det ikkje er nok vatn i Krossvatnet og Møllefossen utanom ved såkalte «lokke»-flommar.

### Plassering og utforming av laksetrapp

For alternativ 1 er laksetrapp plassert på sørsida av Møllefossen, jf. Figur 20 henta frå konsesjonssøknad.



Figur 20: planlagt fisketrapp alternativ 1, helning 1:8

Plasseringa er positiv sett i forhold til at det ikkje blir nødvendig med inngrep og anleggsarbeid tett opp til kvernhusa, men med vesentlig redusert vassføring i Møllefossen vil alternativ 1 likevel samla sett være svært negativ for kvernhusa.

Dersom laksetrappa blir plassert som vist på figuren over vil Stiftelsen be om at det legges til rette med turveg og adkomst frå Mølleparken til laksetrappa, for å gi publikum mulighet for å observere laksen som går opp. Dette vil vere eit positivt tilskudd til aktivitetene i Mølleparken.

## **Konsesjonssøknad – alternativ 2**

### **Endring i vassføring**

I alternativ 2 med oppgradering og vidare bruk av eksisterande inntak på kote 13.9, så vil endring i vassføring kun gjelde for Møllefossen. Dei negative konsekvensane for kvernhusa vil være tilsvarande som for alternativ 1 når det gjeld kulturmiljø og historie.

Fordelen med alternativ 2 sett i forhold til alternativ 1, er at det framleis vil være mulig å hente vatn frå Krossvatnet til å drive kvernsteinane og male mjøl på gamle måten.

### **Plassering og utforming av laksetrapp**

I alternativ 2 er laksetrappa plassert på nordsida av Møllefossen, jf. Figur 11 henta frå konsesjonssøknad.



*Figur 11: Planlagt fisketrappa alternativ 2, utsnitt fra 3D modell*

Denne plasseringa vil medføre anleggsarbeid og inngrep tett opp til dei verna kvernhusa. Dersom NVE gir konsesjon for vidare kraftproduksjon i Tauvassdraget basert på alternativ 2, så må det gis

vilkår om at plassering og utforming av laksetrapp i større grad tar omsyn til kulturmiljøet og landskapet rundt kvernhusa. Det må leggest til rette for turveg og adkomst til laksetrappa, slik at publikum får mulighet til å observere laksen når den går opp.

### Sikring av inntak

Dersom NVE velger å gi konsesjon for fortsatt kraftproduksjon i Tauvassdraget basert på alternativ 2, så må det følge med vilkår om bedre sikring av inntaket til kraftstasjonen enn det som er tilfelle i dag.

Mølleparken har opparbeida lekeplass og park på Osaplassen tett opp mot utløpet frå Krossvatnet og inntaket til kraftverket, jf. Bilde som viser Osaplassen og inntaket til kraftverket.



Området er mykje brukt av familiar og barnehagar. Etter opparbeiding av Osaplassen har Stiftelsen og Mølleparkens Venner drøfta risiko og mulige sikringstiltak. Det er satt ut livbøye, men vidare ansvar for sikre inntak og hindre ulykker må leggest på kraftverket gjennom vilkår i eventuell konsesjon.

Med venleg helsing på vegne av styret i Stiftelsen Tou Brug

Kjersti Tau Strand

Styreleiar i Stiftelsen Tou Brug